




DETALJREGULERINGSPLAN - PLANOMTALE

Jostein Vågslid



Høyringsutkast

Planid **20200010**



Plankontoret Hallvard Homme AS

27. januar 2022/2949

Revidert 20.02.2023 etter 1.g. hands. i PMU


Innhold

INNHALD	1
1 PLANARBEIDET	2
2 GJELDANDE PLANAR	5
3 OMTALE AV PLANOMRÅDET	6
4 PLANPROSESSEN	12
5 PLANVISJON OG HOVUDGREP FOR "NYE ARBUVIK HYTTEFELT"	51
6 PLANFORSLAG OG VURDERING AV KONSEKVENSA NE SOM PLANEN MEDFØRER	53
7 ETTER 1.GANGS HANDSAMING I PLM	70

1 Planarbeidet

1.1 Bakgrunn for, og føremål, med planarbeidet

Eigaren av Arbuvi, del av 99/8 i Vågsli, Jostein Vågslid, har eit ønske om ei betre arealutnytting innafor regulert område mellom E134 og Kjelavassdraget. Området er tidlegare regulert med i alt 50 tomter. Planen er frå 2007 og treng ei oppdatering både i høve til ny KDP Vågsli (2018), og med bakgrunn i at området treng eit løft og ei oppstramming av infrastruktur, så vel grøne som annan struktur av teknisk karakter. Revisjonen av planen frå 2007 vil også innebere ei vurdering om det innan planområdet kan fortettast med nye hyttetomter.



2


Eksisterande reguleringsplan for eigdommen vart vedtatt 14.06.2007.

Sidan oppstarten er feltet bygt ut med vegar, vass- og kloakkforsyning og straum. Behovet for ei oppgradering og oppdatering i høve til ny Pbl 2008 og ny KDP Vågsli gjeld i all hovudsak desse tema:

- **Teknisk infrastruktur: vegar, vatn og kloakk, overvatn, gangvegar**
- **Grønnstruktur: grøne korridorar, skilåmer internt og til hovudløppesystemet i Tyrveli/Vågsli**
- **Tomtestruktur, mange tomter som er store, dårleg utnyttast og lite hensiktsmessige arronderingar**
- **Tilkomstveg til vestsida av Kjelavassdraget, jfr. ny KDPVågsli**

Under dette vil ein samstundes sjå om det er mogeleg å innpasse nye tomter (som familiefortetting der sjølveigartomter kan utnyttast betre) og i restareala der forslagsstillar framleis eig og disponerer grunnen.

Føresegnene i gjeldande planverk for området treng og ei oppdatering og tilpassing til ny KDP Vågslid, Ny kommunedelplan opnar for vidare utvikling, og med heimel i den (vedteken 2018) vil det verte fremma ny detaljplan. Ny KDP Vågslid uttrykkjer slik arealbruk:



3


Til utarbeiding av plandokumenta har tiltakshavar bede om assistanse hos **Plankontoret Hallvard Homme AS** som har stått for gjennomføring av planprosess, utarbeiding av utviklingskonsept, oppteikning av plankart, utarbeiding av føresegner og vurdering av planens verknader.

Varsel om oppstart vart sendt til berørte partar 1. februar 2021. Plangrense er identisk med gjeldande plan.

I samarbeid med kommunens planavdeling har forslagsstillar vurdert tilhøvet til kravet om KU. Partane har kome fram til at planarbeidet ikkje vil utløyse krav jfr. føresegna om KU og omfangskriteria i høve til §§ 2 og 3 i føresegna. Konklusjonen i oppstartsmøtet er at det ikkje føreligg grunnlag for å krevje konsekvensutgreiing. Der planforslaget har avvik frå gjeldande KDP er dette omtala og konsekvensvurdert i planomtalen.

2 Gjeldande planar

2.1 Gjeldande KDP Vågslid for Arbuvi-området




Utdrag av KDP Vågslid

Gjeldande kommunedelplan for Vågslid vart vedteken i 2018. Området er i gjeldande kommuneplan avsett til noverande og framtidig fritidsbustader. Teigen er under planinformasjon og nummerering i området markert med F/FT 7 *Kombinert fritidsbusetnad/fritids-/turistformål*.

2.2 Gjeldande reguleringsplan

Området er regulert. Planen blei vedteken i 2007 og heiter «99/8 Arbuvi, Vågslid».

5



3 Omtale av planområdet

3.1 Landskap

Området ligg rundt 820 moh og representerer eit typisk fjellandskap. Innanfor planområdet er det høgdeforskjellar mellom 800 og 830 moh, der området mot sør møter eit vassdrag. Det kupert kollelandskapet strekkjer seg nesten heilt ned til vassdraget. Eit slikt landskap er ein naturmessig kvalitet med tanke på utbyggingsmønster. Plassering av fritidsbusetnad i forhold til kollelandskapet kan skape gode rom som er skjerma for vêr og vind samt inn- og utsyn.



Detaljreguleringsplan Arbuvi, detaljregulering
Høringsutkast



3.2 Naturmangfald

Vegetasjonen innanfor planområdet er typisk for fjellområda. Fjellbjørk, røsslyng og andre høgtvek-
sande buskvekstar vekser i området.




Innanfor planområdet er det i relevante kjelder, *miljostatus.no*, markert observasjon av en truga art –
Taksvale, og en framandart – kanadagås. Begge er observert på same plass og visast i utklippet under.
Nordaust for planområdet er det registrert kulturminne, eit gardsanlegg og fleire bygningar frå 1800-
talet. Innetter i planområdet er det ikkje registrert kulturminne.



3.3 Flaumfare

NVEs temakart for flaumfare visar at det langs vassdraget sør i planområdet er kartlagt ei aktsomheits-
sone for flaum. Sona strekkjer seg langs heile vassdraget og rundt Vågslivatnet.

Detaljreguleringsplan Arbuvi, detaljregulering Høyringsutkast




3.4 Friluftsliv og rekreasjon

Vågsli har eit vidstrakt lysløypenett om vinteren. Hovudløypa, som går mellom Botn og Tyrveli, går gjennom planområdet. Delar av ljosløypa er gang- og sykkelveg om sommaren. Skisenteret på Tyrveli ligg like nord for planområdet og kan nåast innan kort tid langs E134.

Det er fleire sommarløyper i og i nærheita av området. Aust for planområdet er det ei gangbru over vassdraget. Utklippet frå ut.no viser markerte turløyper/stiar. Det flotte naturlandskapet gjev gode moglegheiter for rekreasjon og friluftsliv.

9



3.5 Bygningar og anlegg

Området er delvis utbygd med fritidsbustadar – frittliggjande. Utbygginga er miljømessig tilpassa terrenget. Den er relativt konsentrert innanfor eit område mellom E134 og med ein overgangssone før vassdraget i sør. Volum, dimensjonar og materialbruk på fritidsbusetnaden i området talar saman. Busetnaden har saltak og det har vore ein konsekvent bruk av fargar på fasadane, frå middels til mørke jordfargar.



Det er eksisterande infrastruktur der kvar fritidseigedom har direkte vegtilkomst.

3.6 Turveg langs Kjelavassdraget

Dagens regulering heimlar bygging av turstig langs Kjea. Denne er delvis bygt og tanken er å byggje den vidare ut til møtet med naboeigedom i vest (Torolv Vågslid, 9/3):





3.7 Naturmangfald

Planen ligg innafor Hardangervidda leveområde for villrein (*Rangifer tarandus*). I regionalplanen for Hardangervidda, Heieplanen, er leveområde nærare avklart og planområdet ligg innanfor reiselivs-sona/bygdeutviklingssona. Planarbeidet vil difor vere i tråd med overordna plan for villrein.

3.8 Gamle furetre

I området er det fleire furetre med høg alder. Trea er som skulpturar i landskapet og ber preg av å ha stått imot ver og vind lenge. Slike tre er søkt verna mot nedbygging/avskoging.

4 Planprosessen

4.1 Førehandskonferanse

Tiltakshavar og plankonsulent hadde førehandskonferanse med Vinje kommune den 22.10.2020. Her vart måla og tema identifisert:

Bakgrunn	
Gjeldande reguleringsplan er frå 2007. Eigar ynskjer å finne plass til nokre nye tomter. Det er òg eit ynskje å utnytte moglege areal ned mot 50 m frå Kjelavassdraget.	

Planstatus	
Regionale planar	Utbyggingssone
Kommunedelplan	Byggeområde for fritidsbustader F, kombinert byggeområde for fritidsbustader/fritids- og turistformål F/FT, LNF-område mm
Detaljregulering	Byggeområde for fritidsbustader, byggeområde for fritidsbustader til utleige, friluftsområde mm

Er planforslaget i tråd med overordna plan	
I grove trekk. Dersom det blir regulert fritidsbusetnad ned mot vassdraget, vil det vere i strid med kommunedelplanen.	

Planar som skal opphevast og erstattast	
Planen erstattar delvis:	PlanID 20060004 Avkjøring frå E134 til 99/1, 99/3, 99/8, 99/10
Planen erstattar heilt:	PlanID 20070008 Arbuvi

Planområde	
Langs E134 i nord, i eigedomsgrensar aust og vest, midt i Kjelavassdraget i sør.	

Konsekvensutgreiing	
Forslaget utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing	

Tema	
Vatn og avlaup	Det må lagast ein VA-plan for området før 1. gongs handsaming. Det må gjerast ei kapasitetsvurdering for vatn inkl. <u>slokkevatn</u> for planområdet. Formålet er å få avklart at vatn, inkl. overvatn, brannvatn og avlaup let seg løyse, at ein så tidleg som mogleg koordinerer VA-løysing, og planløysing elles, og på den måten <u>reducerar</u> terrenginngrep og får færre konflikhtar ved gjennomføringa. Det må <u>foretas</u> kapasitetsanalyse på <u>ledningsnett</u> og forsyningsanlegg for å vise at krav i teknisk forskrift vert oppfylt <u>vedk slokkekapasitet</u> ved brann. Rådgjevar må legge fram grunnlag for dimensjonerande <u>vassmengde</u> i <u>bebyggelsen</u> og stå ansvarleg for denne vurderinga. Det må vere relevant dokumentasjon frå godkjent konsulent. Ein bør ikkje leggje nye hyttetomter i luktsoner. Luktsoner må utgreiast i samband med ROS-analyse, <u>if føresegnene</u> i KDP <u>pkt 1.4</u> .
Renovasjon	Det må gjerast greie for korleis ein løyser behovet for returpunkt. Renovest har ein plan for renovasjon i området, som inkluderer eit returpunkt på naboeigedomen 99/1, ved avkjøringa frå E134 til hyttefeltet Svarttjønnåsen, Arbuvi mfl.
Trafikale forhold	Ein legg til grunn at byggegrense langs E134 er 50m, som vist i <u>Kdp</u> Våglid. Ny tilkomst til eksisterande tomter og tilkomst til nye tomter må leggast skånsamt i terrenget.

Detaljreguleringsplan Arbuvi, detaljregulering
Høyringsutkast

Trasé for veg til byggeområde sør for Kjelavassdraget	Trasé for veg til byggeområde sør for Kjelavassdraget må visast, anten som vegformål, eller som omsynssone, <u>if</u> Botn Aust. Tilhøvet til regulert skiløype må avklarast, helst slik at dei ikkje treng å kryssast. Tiltakshavar melder at dei no tek sikte på å krysse vassdraget ved terskelen noko aust i planområdet.
Landskap/terreng	Bør vere med i vurdering av nye tomter og framføring av veg til desse. Det må utarbeidast ei grønstrukturskisse som visar landskapsmessige kvalitetar, inkl. markerte høgder og høgdedrag i terrenget, gamle furuer mm. Gamle furuer bør bevarast. Tettheit bør vere tema : skal ein open for tettare utbygging enn i gjeldande plan (storleik på tomter/avstand mellom hyttene) ?
Friluftsliv	Grønstrukturskissa skal òg vise eksisterande stiar, skiløyper, nye skiløyper, korridorar frå hytter ut til ljosløype i nord og skiløype/vassdrag i sør mm.
Sti- og løyper	Nye tomter må ikkje føre til nye vegar som kryssar ljosløypa. Korridorbreidde på skiløyper gjennom byggeområde må vere minimum 10 meter, helst 30m.
Landbruk	Tilhøvet må avklarast.
Barn og unges interesser	Bør vurderast
Eldre sine interesser	Bør vurderast.
Universell utforming	Bør vurderast, sjå <u>Kdp</u> Vågslid føresegner pkt. 1.1.
Kulturminne	Fylkeskommunen svarar på dette v/varsel om oppstart
Villrein	Det er ikkje mange nye einingar det gjeld, og KDP opnar for foretting. Tema kan nemnast i planomtala.
Naturmangfald	Tilhøvet til Naturmangfaldlova må avklarast. Myr er karbonlager og levestad for mange artar.
Forureining og vassmiljø	ROS-analyse
Vassdrag	Dersom det er bekkar med vatn heile året, må desse markerast med omsynssone.
Klima – reduksjon av CO2	Det opnast for solfangarar på tak eller vegg, men inntrykket må vere neddempa med lite gjenskin.
Klimatilpassing	ROS-analyse. Det er viktig med nødvendig avstand til vassdrag med vatn heile året. Myr <u>fungerar</u> som buffer mot flaum, ved at den tek opp mykje vatn.
Naturfare – flaum, skred <u>osb</u>	Myr <u>fungerar</u> som buffer mot flaum, ved at den tek opp mykje vatn. Inngår i ROS-analyse.
Risiko og sårbarheit	ROS-analyse.
Støy	Støy frå E134 må utgreiast. ROS-analyse.
Utleige /fritidsbustader	I gjeldande plan er det regulert til fritidsbustader for utleige på eit areal opp mot E134 (3 hytter), og eit areal i aust (6 tomter). Arealet ved E134 er vist som fritidsbustader i KDP Vågslid. Tiltakshavar kan sjølv velje kva for formål det skal vere. Dersom det vert regulert til utleige (FT Fritids- og turistformål), gjeld krava om utleigetid pr år gjennom <u>booking-selskap</u> mm, sjå <u>kdp</u> Vågslid, føresegnes pkt 2.5. Arealet i aust er vist som kombinert byggeområde for fritidsbustader/fritids- og turistformål F/FT7. Tre av tomtene er ikkje selde og ikkje bygd på. Dei kan regulerast til fritidsbustader. Ved semje om utbyggingsavtale skal disse tre tomtene betalast for til infrastrukturfond. Ei tomt er seld og bygd på, og har fått innvilga bruksendring (99/746). Den kan regulerast til fritidsbustad. Ei anna tomt er seld og bygd på, men her er hytta framleis i utleige (99/744). Ei tredje tomt er bygd på, og er i utleige (99/745). Desse to tomtene kan ikkje regulerast til fritidsbustad før det er gitt bruksendring. Dei må då regulerast til Fritids- og turistformål (FT). Sjå <u>kdp</u> Vågslid, føresegnes pkt 2.6.2. I <u>Kdp</u> Vågslid er det to tomter til som er vist som kombinert byggeområde for fritidsbustader/fritids- og turistformål F/FT7 – 99/742 og 99/743. Dette kan vere ein feil, men meld tilbake om de har informasjon om noko anna.

Detaljreguleringsplan Arbuvi, detaljregulering
Høyringsutkast

Framlegg til nye tomter	
Nordsida av ljosløypa	Nye tomter på myrene på nordsida av ljosløypa, men disse skal få tilkomst via eksisterande veg til tre hytter.
Høgde ved <u>Arburyggen</u>	1 – 2 tomter i bakkant av høgde ved <u>Arburyggen</u> , med tilkomst ved 99/716. Dei kan leggest ned i terrenget med mønehøgde maks kotehøgde nokre meter lågare enn hytta på 99/729. Furuer målast inn og bevarast.
Ned mot Kjelavassdraget	1 tomt ned mellom Arbuvi Vest 14 og 20, på hylle, og med veg ned forbi nr 14. Mellom luktsone og 50 m beltet.
	2 - 3 tomter nedanfor <u>Arburyggen</u> 18 og 20. <u>Arburyggen</u> 18 kan evt delast i to. Furuer målast inn og bevarast.
	1 – 2 tomter vest for <u>Arbulii</u> 40, på fastmark/myr, med veg ned bak nr 38.
	2 – 4 tomter sør for <u>Arbulii</u> 36 – 38, med veg ned aust for 36. Furuer målast inn og bevarast.
Elles	Tomt i krysset der <u>Våglidvegen</u> delar seg i <u>Storrlitunet</u> og <u>Storliåsen</u> . Tomt nederst i <u>Arbuvi Aust</u> . Tomt nedanfor Vassenden 8, og nokre tomter på myra vest for Vassenden 10 og 12.

Oppstartsmøtet føregjekk på garden Myrane og synfaring med kommunens representant vart gjennomført same dag.

Planforslaget, som fekk tildelt planID: 20200010 har svara ut desse tema som er opplista i oppstartsmøtet. Der det er avvik er dette utgreidd/omtala.

4.2 Vurdering av trong for konsekvensutgreiing

Konklusjonen i oppstartsmøtet er at det ikkje føreligg grunnlag for å krevje konsekvensutgreiing. Sjå eigen vurdering vedlagt plandokumentet.

4.3 Oppstart av planarbeid med innspel

Oppstartsmelding for planarbeidet vart sendt den 1. februar 2021. Ved svarfristen hadde det kome desse innspela til planarbeidet frå offentlege organ:

OFFENTLEGE ORGAN:

NVE1

NVE sine oppgåver og sektorinteresser

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl). Forslagsstillar har ansvaret for at desse interessene er vurdert i planarbeidet.

Flaum, erosjon, skred og overvatn

God arealplanlegging er det viktigaste verkemiddelet for å forebygge skader frå flaum, overvatn, erosjon og skred. Klimaendringar vil auke risiko for desse farane. Pbl set tydelege krav til tryggleik mot flaum, erosjon og skred ved planlegging og utbygging, og byggeteknisk forskrift (TEK17) kapittel 7 konkretiserer krava i høve til flaum-, erosjon- og skredfare. På reguleringsplannivå vil det ofte være trong for ei detaljert fagkyndig utgreiing av reell fare. Sjå rettleiar for fareutredning for skred i bratt terreng: <https://www.nve.no/veileder-skredfareutredning-bratt-terreng>. NVE sin kvikkleirerettleiar: [NVE veileder 1/2019](#) og TEK17 § 7-3 *Sikkerhet mot skred*.

Auka grad av utbygging i nedbørfeltet gir auka del tette flater. Dette bidreg til raskare avrenning og meir vatn på overflata (overvatn). Auken kan føre til overfløyning i byggeområda og flaum i vassdraga. Det er viktig å vere merksam på at ny utbygging også kan blokkere avrenninga frå høgare område, som kan føre til skadar på bygg og leie overvatnet til uønskt retning. Økosystem som for eksempel flaumskog, myrer og våtmarker har ein flaumdempande funksjon som i størt mogleg grad bør takast vare på. Dersom omgjevnadane og/eller resipienten ikkje har kapasitet til å ta imot auka avrenning, må det planleggast for kompensierende tiltak i nedbørfeltet. Korleis klimaendringar verkar inn på avrenning i

byggeområda må også avklarast. Dette må gjerast tidleg i planprosessen slik at det vert sett av tilstrekkeleg areal til tiltaka før bygningar og infrastruktur vert planlagt. Sjå elles informasjon om overvatn på www.nve.no/hydrologi/urbanhydrologi.

Vassdrag- og grunnvasstiltak

Det er store allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn. Tiltak som kan føre til skader eller ulemper for allmenne interesser, kan utløse konsesjonsplikt etter vassressurslova. Dersom det er trong for at NVE skal gjere vurdering av konsesjonsplikt av vassdragstiltak i planen, ber vi om at dette kjem klart fram i oversendingsbrevet. NVE kan avgjere at reguleringsplan kan erstatte konsesjon, dersom vassdragsinteressene er godt nok ivareteke i planen.

Energianlegg

Eit vel fungerande system for produksjon og overføring av energi er avgjerande for samfunnet. Planen må difor ta omsyn til anlegg som er planlagt eller har konsesjon etter energi- og vassdragslovgevinga. Dersom planen er i konflikt med energiinteresser, bør aktuelle energiselskap involverast tidleg.

Kartbasert rettleiing

NVE har laga ei kartbasert rettleiing for reguleringsplan. Der kan de gå gjennom ulike fareområder og nasjonale og regionale interesser. Rettleiararen ligg tilgjengeleg på våre nettsider: <https://www.nve.no/flaum-og-skred/arealplanlegging>

Ved oppstart av planarbeidet rår vi til å nytte følgjande rettleiarar og verktøy:

- [Kartbasert sjekklister-NVE-tema](#) – kartbasert rettleiing for reguleringsplan.
- [NVE sine karttenester](#) viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- [NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlege regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging](#) skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.
- [NVE retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar](#) skildrar kva flaum- og skredprosessar som kan medføre fare, og korleis desse farane bør utgreiast og innarbeidast i planen.
- [NVE si sjekklister for reguleringsplan](#) kan være eit nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.
- [Miljødirektoratet sin rettleiar om overvatn](#) gir nyttige tips om handtering av overvatn i arealplanlegging.
- [Klimaservicesenteret/klimaprofilane](#) gir eit kortfatta samandrag av dagens klima, forventa klimaendringar og klimautfordringar.
- [Statlege planretningslinjer for klima og energiplanlegging og klimatilpassing](#) av 28.09.2018 g: føringar for korleis kommunane skal ivareta klimaendringar i planlegginga.
- For vurdering av overvatn kan også følgjande [publikasjonar frå Norsk Vann](#) vere aktuelle. Norsk Vann sin rettleiar A162 – «*Veiledning i klimatilpasset overvannshandtering*» og Norsk Vann sin rapport B22 - «*Vann og avløp i arealplanlegging og byggesaksbehandling*».
- Fleire nyttige rettleiarar og verktøy er tilgjengeleg på www.nve.no/arealplan.

Dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn.

NVE legg til grunn at kommunen vurderer om planen tek i vare nasjonale og vesentlege regionale interesser. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må vere lagt ved plandokumenta.

NVE vil prioritere å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Dette går fram av [brev til kommunane datert 29.09.2017 om «NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen»](#). Vi ber difor om at det vert skrive tydeleg i oversendingsbrevet til NVE kva ein ønskjer bistand til i den enkelte saka.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

NVE2:

Konkret tilbakemelding fra NVE - Varsel om oppstart - Detaljreguleringsplan for Arbuvi, gnr. 99 bnr. 8 m.fl., Vågsli, planID 20200010 - Vinje kommune.

Deres ref: Varsel om oppstart - Detaljreguleringsplan for Arbuvi, gnr. 99 bnr. 8 m.fl., Vågsli, planID 20200010 - Vinje kommune. Vår ref: 202102668

NVE vil supplere vår generelle uttale av 3.3.2021 med en konkret tilbakemelding.

Verken Statsforvalteren eller NVE kan kreve at myren i planområdet ikke blir bygget ned, men kommunen kan velge å si nei. Det er et viktig tema <https://www.miljodirektoratet.no/aktuelt/nyheter/2020/juli-2020/karbonrike-arealer/>

Vinje kommune arrangerte klimadag med KS 18.2.21. Der deltok NVE med foredrag. Vi vil påpeke at hvis Vinje kommune har tenkt å ta utfordringer med klimaendringer på alvor, så er det en gylden mulighet til å gjøre vurderinger her som kan bidra til å verne om myr.

Forholdet til flom kan sikkert ivaretas. NVEs generelle anbefalinger er å heve byggegrunnen (risikoreduserende tiltak). Området er nedbygd allerede. NVE anmode om større fortetting i vestre del, og at dere unngår utbygging i aktsomhetsområdet i øst. Aktsomhetskartene kan legges til grunn som en faresone, hvis ikke må dere utrede for å avgrense den og da ev legge inn det dere finner som en faresone. Det må være tilstrekkelig avstand til bekken i øvre del av feltet også.

Merknad frå forslagsstillar:

I oktober 2018 var det tilnærma 100 års flaum i Kjælavassdraget. Austre del av Kvennhushylen, nær gangbru over elva, var delvis under vatn, vestre del var tørr og terskel tok fint unna vassmengda utan nevneverdig oppdemming. (Bilet bevis):



Flaum 14.10.2018 Terskel ved Sundet Arbuvatn.



Same dag, 14.10.2018, såg det slik ut ved båthuset ved Løyningvatn. «Bekken» som kryssar tomtene T2 og T3 på plankartet er ei steinsett grøft (veite) opparbeida i samband med dyrking av ein jordlapp (eng) som var myrlendt. Bekken blir lagt om for tilpassing til tomtene T2 og T3. Forbi T4 og T5 er dette ein åpen bekk, men med god avstand til tomtene.

Utover dette er problemstillingar svara ut på best mogeleg måte.

DIR.MIN:

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 1. februar 2021.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineraler. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Om planen

Målet er å fremme ein oppdatert plan som fangar opp eigarens tankar om eit framtidsretta ferieområde. Det inneber ei oppstramming av teknisk og grøn infrastruktur, og vurdering om det kan innpassast nye hyttetomtar innan planområdet. Planområdet er i kommunedelplan Vågsli avsett til fritidsfremål, planen skal tilpassast kommuneplanens føresegn 5.1.1.

Fråsegn til planen

DMF kan ikkje sjå at den føreslegne planen kan få følgjer for registrerte førekomstar av mineralske ressursar, bergrettar eller masseuttak i drift. Vi kan heller ikkje sjå ut frå informasjonen som er lagt ved saka, at planen gjeld uttak av masse som vil bli omfatta av minerallova. Vi har derfor ingen merknader til varsel om oppstart av reguleringsplan for Arbuvi.

Dersom det i samband med vidare behandling av planen viser seg at den kan få følgjer for nokon av våre fagområde, ber vi om å få saka når den blir lagt ut til høyring og offentlig ettersyn.

Merknad frå forslagsstillar:

Innspelet tatt til orientering.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark:

Saka gjeld

Saka gjeld varsel om oppstart av detaljregulering av området Arbuvi, gbnr. 99/8 m.fl., på Vågslid i Vinje kommune. Eksisterande reguleringsplan for området frå 2007 (planID 20070008 *Arbuvi*) er realisert med utbygging av ca. 50 tomter for fritidsbustader. Målet er å erstatte denne planen og innplassere fleire nye tomter for fritidsbustader, i tillegg til å gi området «eit løft og ei oppstramming av infrastrukturen, så vel den grøne som annan av teknisk karakter». Det er eit ønske å utnytte moglege areal ned mot 50 meter frå Kjelavassdraget. Vegtrasé for utbygging på sørsida av Kjelavassdraget (F13 i kommunedelplan for Vågslid) skal sikrast i ny plan med korridor/omsynssone.

Området er i kommunedelplanen for Vågslid avsett til fritidsbustader, kombinert byggeområde for fritidsbustader/fritids- og turistformål og, sør i planområdet i eit belte mot Kjelavassdraget, LNF-område. Langs vassdraget er det faresone flaumfare. Planforslaget er i hovudsak i tråd med overordna plan, men dersom det blir regulert fritidsbusetnad ned mot vassdraget, vil det vere i strid med kommunedelplanen.

Rolla til miljøavdelinga

Statsforvaltaren si miljøavdeling skal med heimel i plan- og bygningsloven § 3-2 sjå til at planar ikkje er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser innan miljøvern, klima, landbruk, samfunnstryggleik, folkehelse og barn og unge sine interesser. Så lenge planen ikkje er i strid med nasjonale eller viktige regionale interesser, vil ikkje Statsforvaltaren ved miljøavdelinga fremje motsegn til planen.

For orden si skuld minner vi om at det er justis- og verjemålsavdelinga hos Statsforvaltaren som handsamar eventuelle klagar på kommunen sitt vedtak.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune inngjekk ein samarbeidsavtale 13. januar 2021. Avtalen inneber at fylkeskommunen tar vare på interessene til

barn og unge i reguleringsplanar også på vegner av Statsforvaltaren. Statsforvaltaren viser til vurderinga frå fylkeskommunen av interessene til barn og unge i fråsegn til planvarsel og planforslag. Avtalen avgrensar ikkje Statsforvaltaren sitt høve til å fremje motsegn til planforslag som er i strid med vedtatte nasjonale eller regionale mål, rammer og retningslinjer knytt til interessene til barn og unge.

Vurderingane til miljøavdelinga

Omsynet til myr

Det er myrområde innanfor planområdet, både i nord mellom Vågslidvegen og E134 og i søraust ved Vassenden og Kjelavassdraget. I reguleringsvarselet er desse områda merkte av på flyfoto som aktuelle plassar å vurdere fortetting, og i referatet frå oppstartsmøtet blir det nemnt spesifikt at det blir vurdert å plassere fleire tomter på myr. Statsforvaltaren rår sterkt i frå at tomter blir lagde på myr. Heller ikkje veg eller andre inngrep bør plasserast slik at myr blir nedbygd.

Det er fleire grunnar til at det er viktig å ta vare på myr: ho lagrar karbon, dempar flaum og overvatn, frigir vatn til områda rundt i tørre periodar, reinsar vatn og er levestad for mange plantar og dyr. Å hindre nedbygging av myr er eit viktig klimatiltak. I *Regional planstrategi for Vestfold og Telemark 2020-2024* er det å ta vare på spesielt karbonrike areal som gammalskog og myr blant tiltaka for å nå berekraftsmålet om å stoppe klimaendringane. I *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023* blir det peika på korleis omdisponering av myr bidrar til klimaotslepp og har negative konsekvensar for naturmangfald og økosystemtenester, og *Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing* (2018) framhevar tydinga av å ta vare på myr i arealplanlegginga for å dempe effektane av klimaendringar. Sjå òg avsnittet om klimatilpassing under. Myrane ved Vassenden ligg innanfor område med flaumfare, og det er derfor ekstra viktig å ta vare på dei som eit flaumdempende tiltak.

Samfunnstryggleik og ROS-analyse

Sør i planområdet, langs Kjelavassdraget, er det i NVE Atlas registrert aktsemdområde for flaum, og i kommunedelplanen for Vågslid avsett faresone flaumfare. Vi gjer oppmerksom på at aktsemdområdet frå NVE har noko større utstrekking enn faresona i kommunedelplanen. Statsforvaltaren er kjent med at det har vore flaum i dette området tidlegare. Det må takast omsyn til flaumfaren viss det blir vurdert å plassere tomter, veg eller liknande her. Dette er særleg aktuelt for dei skisserte tomtene ved Vassenden. Konsekvensar knytt til flaumfare for eksisterande busetnad/infrastruktur må òg vurderast viss det skal gjerast tiltak her, til dømes viss flaumdempende myr blir bygd ned. Vi viser òg til føresegn 6.1.3 om faresone flaumfare i kommunedelplanen for Vågslid.

Vi minner om at alle planar skal ha ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) som viser alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsformål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av den planlagde utbygginga, jf. plan- og bygningslova § 4-3. ROS-analysen skal vere basert på oppdatert rettleiingsmateriell, og vi viser til DSB sin rettleiar *Samfunnssikkerhet i kommunenes arealplanlegging* (2017) og tilhøyrande sjekklister, og dessutan *Klimahjelpere* (2015) og *Sjekklister til ROS-analyser til planer* (2018). Resultata av ROS-analysen skal innarbeidast i planomtala.

ROS-analysen skal som eit minimum innehalde konkrete vurderingar av faremomenta, kva kjelder og opplysningar som er lagt til grunn for vurderingane og fagmiljøet/institusjonane som har vore involverte i analysearbeidet. ROS-analysen skal vere ein premisse for planforslaget, inkludert

føresegnar. Dersom vurderingane konkluderer med at det må setjast i verk tiltak for å hindre uønskte hendingar, skal desse tiltaka bli gitte ei grundig skildring i analysedelen jf. plan- og bygningslova § 4-3. Vidare skal nødvendige risiko- eller konsekvensreducerande tiltak som kjem fram av ROS-analysen, bli reflektert i reguleringsføresegnene. Område med risiko og sårbarheit skal avmerkast i planen som omsynssone, jf. § 11-8 og 12-6.

Det er viktig at det gjerast ei vurdering av korleis klimaendringar kan påverke risiko og sårbarheita og eventuelt forsterke risikomomenta i ROS-analysen, sjå avsnittet om klimatilpassing under.

Vi minner samstundes om at kommunen blant anna skal dimensjonere brann- og redningsberedskap og helseberedskap på grunnlag av risiko- og sårbarheitsanalysar. Det er ikkje spesifisert nøyaktig kor mange nye tomter det er ønskeleg å innplassere i planområdet, men utbygging og fortetting av område med fritidsbustader kan føre med seg både eit jamt og eit sesongbasert press på kommunale tenester, og vil dessutan kunne auke risikoen for uønskte hendingar. Skogbrannssommaren 2018 og dagens koronasituasjon er aktuelle døme på hendingar som kan utfordre kommunale helse-, omsorgs- og beredskapstenester. Den bakanforliggjande kapasiteten er derfor ein vesentleg faktor for samfunnstryggleiken i planområdet og bør synast i risiko- og sårbarheitsvurderingane.

Klimatilpassing

Det må gjennomgåande takast omsyn til forventa framtidige klimaendringar gjennom klimatilpassing av planar for utbygging, sjå *Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing* (2018) og tilhøyrande rettleiar om klimatilpassing. Rettleiing om korleis ein kan ta omsyn til klimaendringar i arealplanlegging er gitt i DSB sin temaretteiar «Klimahjelpere», «Klimaprofil for Telemark» og NVE sitt faktaark 7/2018 «Hvordan ta hensyn til klimaendringer i arealplanleggingen».

Vi minner om at historiske erfaringar åleine ikkje lenger vil vere tilstrekkeleg grunnlag for framtidige planvurderingar. Dette betyr at område som tidlegare vart sett på som «trygge» no kan vere meir utsatt, og at klimarelaterte uønskte hendingar derfor bør vektleggast spesielt. Når konsekvensane av klimaendringane blir vurderte, skal høge alternativ frå nasjonale klimaframskrivingar leggast til grunn. Dette er nærare forklart i rettleiarane.

I klimaprofilen for Telemark blir det mellom anna førespegla eit auka sannsyn for intens korttidsnedbør og problem med overvatn, auka fare for jord-, flaum- og sørpeskred som følgje av auka nedbørsmengder, fleire og større regnflaumar og auka i flaumvassføring i bekker og elvar. Dette vil stille større krav enn tidlegare til å planlegge for handtering av slike utfordringar. Ved planlegging av nye område for utbygging/fortetting, skal det vurderast korleis det kan takast omsyn til eit endra klima. Det bør leggast vekt på gode heilskaplege løysingar og å ta vare på økosystem og arealbruk med tyding for klimatilpassing, slik som myr. Planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar og forsvarleg overvasshandtering. Å ta vare på, restaurere eller etablere naturbaserte løysingar (våtmarker, bekker, grønne tak) bør vurderast. Dersom andre løysingar blir valde, skal det grunnleggjast kvifor naturbaserte løysingar er valde bort, jf. *Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing* (2018).

For dette planområdet, der flaumfare allereie er ei utfordring, er det ekstra viktig at det blir gjort vurderingar av korleis klimaendringar vil påverke flaumfaren i framtida, og korleis myrar, bekker og liknande innanfor planområdet kan takast vare på som naturbaserte løysingar for klimatilpassing.

Vi viser elles til NVE som fagmynde for flaum og overvatn.

Vatn og avløp

I kommunedelplanen for Vågsliid heiter det at plan- og bygningslovas §§ 27-1 og 27-2 gjeld i byggeområde for fritidsbusetnad, og at nye hytter, hus og næringsbygg/utleigeanlegg i byggeområda pliktar å knytte seg til offentleg vass- og kloakkanlegg der slike anlegg ligg føre.

Avløpsvatn frå planområdet må givast tilfredsstillande reinsing, slik at det ikkje fører til forureining eller forverring av tilstanden til vassførekomstar.

Statsforvaltaren er kjent med at det er utfordringar knytte til Vågsliid reinseanlegg, og dette må inngå i vurderingane for denne planen dersom nye fritidsbygg innanfor planområdet er tenkt knytt til dette reinseanlegget. I årsrapporten for Vågsliid reinseanlegg er det rapportert om brot med reinsekrava, for dårleg driftsstabilitet og at krava til akkreditert prøvetaking ikkje er innfridd. Så lenge Vågsliid avløpsanlegg ikkje overheld krav til reinsing og prøvetaking etter forureiningsregelverket, vil kvart og eit nytt påslepp av nye abonnentar til dette reinseanlegget, privat eller næring, bli vurdert som ein forsettleg auke i ulovlege utslepp frå Statsforvaltaren si side.

Detaljreguleringsplan Arbuvi, detaljregulering Høyringsutkast

Friluftsliv

Sør i planområdet er det langs Kjelavassdraget registrert eit svært viktig friluftsområde som er ein del av det større friluftsområdet Vågslid sør (Fossen). Det er registrert tur- og friluftsruter både langs Vågslidvegen og nede langs vassdraget, desse går vidare ut av planområdet. Også fleire andre stiar er innteikna på kartet innanfor planområdet.

Det må takast omsyn til friluftslivet ved plassering av tomter, vegar og andre tiltak. Friluftsområdet langs vatnet med områdeverdi «svært viktig» må takast vare på. Stiar og løyper må i størst mogleg grad bevarast, og dei må teiknast inn på plankartet. Allmennheita sin tilgang til friluftsområda langs vassdraget må sikrast. Det må vere eit sentralt tema i det vidare planarbeidet at friluftsliv og interessene til allmennheita i området blir tatt vare på.

I samband med dette må det òg takast omsyn til stiar og løyper som ikkje nødvendigvis er registrert på kartet i dag, men som er viktige for dei som bruker området. Tilgangen til vatnet og friluftsområda må takast vare på også for personar frå hyttefelt utanfor planområdet, eller som følgjer stiane langs vassdraget. I områda med fare for flaum må det takast omsyn til eventuelle alternative stiar som er i bruk når vatnet står høgt.

Statsforvaltaren har fått innspel om at det nede ved Vassenden søraust i planområdet er lokalisert eit akeområde som er viktig for nærmiljøet. Dette må òg takast omsyn til i det vidare planarbeidet, jf også interessene til barn og unge.

Bekker og vassdrag

Bekker og naturlege vassvegar innanfor planområdet bør bevarast, av omsyn til både naturmangfald og handtering av overvatn. Rundt bekker som førar vatn heile året bør det setjast av ei omsynssone plankartet. Kantvegetasjon rundt bekkene skal bevarast.

Vi viser til forskrift om fysiske tiltak i vassdrag § 1, som seier at det er forbode å setje i verk fysiske tiltak som medfører eller kan medføre fare for svekking av produksjonsmoglegheitene for fisk eller andre organismar i ferskvatn. Løye kan givast etter søknad. Inngrep i kantsone til vassdrag er regulerte gjennom § 11 i vassressurslova, som seier at «langs bredden av vassdrag med årssikker

vannføring skal det opprettholdes et begrenset naturlig vegetasjonsbelte som motvirker avrenning og gir levested for planter og dyr». Statsforvaltaren kan i særlege tilfelle dispensere frå dette kravet.

Vi minner om at det langs vassdrag skal takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. I kommunedelplanen for Vågslid er det i kapittel 5 av føresegnene sett ei byggegrense på 50 meter langs Kjelavassdraget (5.1.1) og ei byggegrense på minimum 20 meter for andre, mindre vassdrag som går fram av plankartet (5.1.2). Vi forventar at desse byggegrensene blir overhaldne.

Naturmangfald

Vi minner om at prinsippa for forvaltning av naturverdiar i naturmangfaldslova §§ 8–12 skal leggest til grunn, jf. § 7. Omsynet til naturmangfald skal vege tungt i vurderinga av kva for ei løysing som blir vald. Dersom område som i kommunedelplanen er avsette til LNF, blir søkt omregulert til utbygging, må dette vurderast etter naturmangfaldslova, og det bør gjennomførast utgreiingar av naturmangfald.

Som tidlegare nemnt er myr viktig for naturmangfald, og er levestad for mange artar av plantar og dyr. Området med myr og småtjern ved Vassenden, søraust i planområdet, kan til dømes mellom anna vere hekkeområde for våtmarksfuglar. Nedbygging av myr bør unngåast.

Slåttemyr er ein av dei mest trua naturtypene vi har i Noreg. Dette er myr med vegetasjon knytt til tradisjonell slått, og som framleis ber preg av slåtten. Desse myrane er svært artsrike, og er viktige levestader for fuglar og sjeldne orkidéar. Slåttemyr er ei nasjonal interesse: ho vart vedtatt som utvald naturtype i 2011, og står som «kritisk trua» på norsk raudliste for naturtyper. Ut ifrå flybilde kan det vere ei moglegheit for at det kan finnast slåttemyr innanfor planområdet. Myrområdet rett vest for Vassenden 10 og 12, avgrensa av vegen på den andre sida, ser ut til å ha størst potensiale for å kunne vere slåttemyr. Men det kan heller ikkje utelukkast at myrane nord i planområdet, mellom Vågslidvegen og E134, kan vere slåttemyr. Det bør gjennomførast feltundersøking av fagkyndige, etter anerkjent metodikk, for å fastslå om dette er tilfelle.

Elles bør gamle furur innanfor planområdet bevarast.

Dersom det skulle vise seg at planområdet er levestad for trua artar eller inneheld viktige naturtyper, vil dette kunne påverke Statsforvaltaren si vurdering av planforslaget.

Villrein

Villrein står på den globale raudlista, og gjennom Bern-konvensjonen har Noreg ei plikt til å verne om villreinen, som ein nasjonal ansvarsart. Den viktigaste føresetnaden for ei levedyktig villreinstamme er å halde oppe store nok leveområde med tilstrekkeleg kvalitet. Villreinen er svært var for forstyrningar og menneskeleg ferdsel.

Planområdet ligg innanfor utbyggingssona i Regional plan for Hardangervidda 2019-2035, og delvis innanfor omsynssone bygdeutvikling i Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesda Austhei. Det er på den eine sida positivt ut frå villreinomsyn at fritidsbusetnad blir konsentrert på utvalde stader. Samtidig er det frå planområdet under 2 km (målt på kart) til både nasjonalt villreinområde Hardangervidda i nord og nasjonalt villreinområde Setesdal-Ryfylke i sør. Det må derfor gjerast ei vurdering av i kva grad planforslaget vil føre til auka ferdsel inn i dei nasjonale villreinområda. Det må her takast omsyn til total belastning for villreinen i området. Eit viktig element i denne samanheng er kvar stiar og løyper kanalisere ferdselen frå planområdet. Det bør

planen ikkje leggast opp til tiltak som direkte kanaliserer meir ferdsel inn i dei nasjonale villreinområda.

Støy

Det er langs E134 nord i planområdet registrert raud og gul støysone. Dette må takast med i vurderinga ved plasseringa av nye tomter. Vi viser til *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* (T-1442/2016), som må leggast til grunn for det vidare planarbeidet. Nye bygningar med støvfølsamt bruksformål (som fritidsbustader) skal ikkje plasserast i raud støysone. Gul sone er ei vurderingsone der kommunen bør vise varsemd med å tillate etablering av ny busetnad med støvfølsamt bruksformål. Retningslinjene stiller krav om støyfagleg utgreiing og mildnande tiltak dersom det likevel blir etablert nye bygningar med støvfølsamt bruksformål i gul sone.

Det må òg takast omsyn til støy for eksisterande fritidsbustader/bustader når det blir lagt opp til auka trafikk inn til/innanfor planområdet, og det må takast omsyn til støy for både eksisterande og nye bygningar ved planlegging av nye vegar.

Landbruk

Nord i planområdet ved Kolabui er det registrert eit mindre område med overflatedyrka jord. Vi minner om omsynet til jordvernet. Jordvern er ei nasjonal interesse, og det er eit nasjonalt mål å få til ein kraftig reduksjon i årlig omdisponering av dyrka mark, jf. mellom anna Nasjonal jordvernstrategi. Nye tomter, vegar eller andre tiltak bør derfor ikkje plasserast i konflikt med den overflatedyrka jorda.

Landskap

Vi legg til grunn at landskapsomsynet blir tillagt vekt og at det blir tatt sikte på å velje løysingar som i størst mogleg grad opprettheld det naturlege landskapet. Unødige terrengingrep og plassering av tomter høgt i terrenget bør unngåast.

Merknad frå forslagsstillar:

Planen er i liten grad i konflikt med omsynet til myr. I nord mellom Vågslidvegen og E 134 er tomtene T2, T3 og T4 trekt tilbake frå myrlendt område. Denne myra er tidlegare grøfta ut for dyrking av gras. Ved vassenden er funne plass til ei tomt, T 25 som ligg på fast grunn. Resten av det myrlendte område er «spart» for utbygging. Eventuelt kan her koma ein veg for tilkomst til sørsida av vassdraget. Den vil stort sett bli lagt på fast grunn, men er ikkje del av desse planane. Ved Vassenden er funne plass til ei tomt, T 25. Der er fast grunn, og ligg eit par høgdemeter høgare enn grannehytta, 99/813.

Vi har vanskelig for å se hvilke tiltak grunneier ser for seg for å få et mer fremtidsrettet ferieområde ved å presse flere hytter inn i dagens felt og dermed ødelegge de områdene som er blitt lovet å bevare som friområder. En slik utbygging vil også selvsagt legge økt press på dagens infrastruktur. Undertegnede har hytte i en del av feltet som er svært fortettet, det lever vi godt med men det er da av veldig stor viktighet for oss at ikke de randsonene med åpent areal nå blir ytterligere innskrenket. Vi kjøpte selvsagt hytte etter en total vurdering og basert på de gjeldene planer/reguleringsplaner der omtalte friområder er av største viktighet. Vi motsetter oss derfor sterkt at randsonen ned mot vassdraget fra Arbulii skal bekles med flere hytter, dette er et område vi bruker og setter stor pris på, både sommer og vinter. Det samme gjelder for området mot vassdraget ved Vassenden.

Det er leit å observere at denne prosessen har bragt inn en misstemning blant hytteeierne, noe som er svært kjedelig og unødvendig. Vi har alle gjort våre investeringsvalg med den hensikt å kose oss og slappe av, ikke bruke tid og krefter på prosesser som denne. Vi har tillit til at Vinje kommune også ser dette og sørger for at dagens randsoner blir bevart slik de er i dag, til nytte for alle brukere.

Merknad frå forslagsstillar:

I 2007 gav ikkje gjeldande KDP mogelegheit til utbygging nærare vassdraget enn 100 m, det blei endra ved KDP av 2018. I beltet mellom 50 m og 100 m finns nokre få laglege tomter. Næraste nye hytte vil ligge ca. 80-85 m sør for Arbulii 29, og vil ligge 12-13 høgdemeter lågare enn Arbulii 29. I planarbeidet vil det bli lagt vekt på å unngå store omfattande skjemmaende naturinngrep. Og med god avstand til eksisterande hytter i lengde og høgdemeter.

Inger Johanne Svendsbøe og HGMæland:

Vi vil med dette komme med noen kommentarer/klage på at det planlegges utbygging av vei og hytter ned mot 50m fra Kjelavassdraget.

Vi er eiere av Arbuvi vest 14, hvor det planlegges tilførselsvei inntil vår tomt og nye hyttetomter. Vi vil også påpeke at det i varslet fra Jostein Vågslid og Plankontoret Hallvard Homme AS ikke er tegnet inn en rød sirkel ved vår tomt som viser at dette er en aktuell plass for utbygging. Noe som er tatt med i referatet fra oppstartsmøtet med Vinje kommune.

Vårt valg av tomt ble gjort på grunnlag av beliggenhet og at utbygger ved flere anledninger presiserte at det aldri ville komme noen hytter foran oss eller våre naboer. Med dette som utgangspunkt og at vi i tillegg fikk tomt i enden av en blindvei, kjøpte vi tomt. Tomten var høyere priset enn andre tomter, og vi s fra oss en annen tomt i feltet på dette grunnlag.

Vi har også hatt et makeskifte med grunneier da utbygger hadde plassert pumpehuset delvis inne på vår tomt. Grunneier ønsket i den anledning å ha en 4 m grense rundt pumpehuset. Vi var redd for at det var en skjult agenda med at grunneier ønsket å bygge i området og gikk ikke med på dette. Til tross for at det ble sagt at det ikke forelå utbyggingsplaner.

Vi vil opplyse om det i forbindelse med nye grenser den 14.08.2018 ble tinglyst en erklæring om at vi kan bygge nærmere enn 4 m langs felles grense.

Det eneste aktuelle området for bygging av annekspå vår tomt er på nedsiden av pumpehus ut mot grensen til hvor det er tiltenkt vei. Her er det også lagt klart opplegg for vann og kloakk. Det sier seg selv at denne muligheten ødelegges dersom det blir en vei inn i et nytt utbyggingsområde.

I arbeidet med kommunedelplanen har tomter ned mot vannet blitt behandlet. Kommunen har valgt å forholde seg til vedtatte planer. Det er vi glade for, mer er likevel utrygg på sluttresultatet. Det virker på oss som om utbygger har stor interesse i å få dette gjennom uten å verken ta hensyn til kommunedelplanen, det som har blitt sagt og lovet, eller til naturinngrep.

Etter vår mening er det positivt for friluftslivet, vår og andre hytteeiere trivsel og for dyre- og fugleliv med en uberørt sone ned mot vannet. Dette er også sentralt i kommunedelplanen for Vågsli. Denne ble vedtatt så sent som i 2018. Kommunedelplanen skal gi forutsigbare rammer for nye reguleringsplaner og eventuelle endringer i gjeldende planer. I referat fra oppstartsmøte står det også at det vil være mulig å avklare spørsmål om regulering før oppstartvarsel. Denne muligheten er ikke benyttet. Vi forventer at kommunen står fast på avstandskravene til Kjelavassdraget som ligger i kommunedelplanen.

I tillegg er det svært negativt for oss dersom vi blir inneklemte av vei og av hytter foran oss.

Vi mener selvsagt ikke at andre hindres i å kjøpe tomter og bygge seg hytte på fjellet, men vi føler oss lurte og ført bak lyset når det vi har fått lovnad som blir brutt.

Derfor klager vi på planen om å bygge hytter og vei(er) nærmere Kjelavassdraget enn det som er vedtatt i kommunedelplanen.

Merknad frå forslagsstillar:

I 2007 gav ikkje gjeldande KDP mogelegheit til utbygging nærare vassdraget enn 100 m, det blei endra ved KDP av 2018. I beltet mellom 50 m og 100 m finns nokre få lagelege tomter. I planarbeidet vil det bli lagt vekt på å unngå store omfattande skjemmaende naturinngrep, og med god avstand til eksisterande hytter i lengde og høgdemeter. Planlagt utvikling av området vil ikkje gjera det vanskeleg å bygge annekse på tomte til Arbuvi vest nr. 14 ettersom tomte er på 1.155 m² Viser til plankartet. Tomte 7 på plankartet skal påleggast klausular som tar omsyn til Arbuvi vest 14 med omsyn til høgder og avstand.

Merete Høllen og Jan Sigve Sjøen

Viser til nabovarsel datert 1. februar 2021. Vi som eier av Arbulii 31 reagerer på foreslåtte planer basert på følgende:

- Ved valg av tomte i 2009/2010 var det viktig for oss at vi fikk en usjenert tomte og uten noen foran oss. Vi var inne på feltet og så på flere tomter sammen med grunneier. Vi valgte tomte 16/ Arbulii 31 på grunn av den usjenerte beliggenhet og utsikten. Grunneier bekreftet både muntlig og skriftlig at det ikke ville komme noen hytter foran Arbulii 31. Vi vurderte å tinglyse denne bekreftelsen, men ettersom grunneier bekreftet i e-post at «dette har dere mitt ord på», valgte vi å tro på dette. Denne avtalen ble bekreftet muntlig av grunneier til eier senest på årsmøte for Arbuvi hyttevevforening, oktober 2020.
- Ettersom grunneier i 2010 eide nærmeste tomte bak vår tomte, var det et sterkt ønske fra grunneier om at vår hytte ble plassert lavt i terrenget. Slik at dette ikke ble til sjenanse og sperring av utsikt fra tomten hans. Vi var til og med på felles befaring på vår tomte sammen med grunneier. Plasseringen ble slik grunneier ønsket/ anbefalte, og hans utsikt ble også ivarett ved at vi valgte en lav hytte (en etasjes hytte). Grunneier bekreftet muntlig i etterkant av byggingen at han var veldig fornøyd med både plassering og høyde på hytta.
- Som beskrevet i reguleringsplanen for Arbuvi, datert 14.06.2001, kapittel 1.2 Felles føresegner: «Område som ikkje skal nyttast til veg, parkering, byggegrunn eller uteareal skal først tilbake til opphavleg utsjånad innan 1 år. Eksisterande vegetasjon skal i størst mogleg grad takast vare på.» Vi ble derfor veldig forundret og skuffet over at arealet foran vår hytte ble benyttet til å etablere en gedigen fyllplass for overskuddsmasse av stein og jord. Denne fyllplassen går bratt ned mot et myrområde. Fyllplassen ble etablert uten noen forvarsel eller dialog fra utbygger eller grunneier, og var på ingen måte noen tilbakeføring av naturlandskapet. Vi fikk lovnader fra grunneier at denne fyllplassen ikke skulle brukes til noe.

Vi reagerer på at det i det hele tatt blir vurdert noen endringer i området fra vår tomte Arbulii 31 og nedover mot vannet. Etter vår mening har vi imøtøkket ønske fra grunneier i byggeprosessen, og forventer en gjensidig respekt for inngåtte avtaler, både muntlige og skriftlige.

En mulig utbygging i området fra vår tomte og nedover mot vannet er ikke i henhold til inngått avtale med grunneier.

Merknad frå forslagsstillar:

I 2007 bestemte den då gjeldande KDP ei byggegrense frå vassdraget på 100 m. Dette var førande for reguleringsplanen for Arbuvi. Dette er nå endra gjennom ny KDP av 2018, der er byggegrensa gjennom område sett til 50 m frå vassdraget. Dette ligg fast i KDP planens føresegner og retningslinjer pkt 5.1.1 og er vist stipla på plankartet.

Arbulii 31 ligg ca. 170 m frå vassdraget. Nye hytter sørvest frå Arbulii 31 vil truleg koma ned mot 50 m frå vassdraget, dvs. ca. 120 m frå Arbulii 31. Vidare ligg Arbulii 31 ca. 15 -20 m høgare enn terrenget der desse hyttene eventuelt blir bygd. Slik kan ein seie at det ikkje framanfor, men nedanfor Arbulii 31 det kan kome nye hyttar, og med god avstand. Det var nok elles ei forsikring om at det ikkje blir planlagt tomter på fyllinga utanfor Arbulii 31 det blir sikta til i innspelet frå Arbulii 31.

Det stemmer at overskotsmasser frå veganlegget vart lagt ut i skråninga sør vest for Arbulii 31. Det blei lagt på jord, sådd til med gras og planta furuplanter der. Det ser no heilt greitt ut, og det har heller ikkje kome klager frå Arbulii 31 før no. Brukbar akebakke har det også blitt.

5 Planvisjon og hovudgrep for «Nye Arbuvi Hyttefelt»

5.1 Planvisjon, arealkonsept

Frå planvisjon og konseptkart til ferdig plankart.

Til oppstartsmøtet vart det utarbeidd ei enkel Konseptskisse som illustrerte ein del av forslagsstillarane sine tankar om ei vidareutvikling av det regulerte planområdet Arbuvi.

Oppstartsmøtet gav sin oppslutnad til hovudtemaene i skissa og planarbeidet er vidareført frå ei revidert konseptskisse til ferdig regulering. Elipsene i Skissa illustrerer område som kan vurderast med tanke på innpassing av nye tomter:




51

Oppstartsmøtet føregjekk på garden Myrane med synfaring av alle aktuelle område som var på førehand peika ut som aktuelle lokalitetar.

Planforslaget legg i all hovudsak opp arealbruken etter føringane i møtet, og innspel i etterkant. På same tid er grønstrukturen ivareteken og forbetra. Tilhøva for friluftslivet er ikkje svekka og er gitt sterkare vern i ny plan.

KDPVågslid, vedteken i 2018, legg føringar for tilkomstveg til framtidige utbyggingsområde vest for Kjelavassdraget. Detaljplanen har tatt opp utfordringa og kjem med forslag om vegkorridorar som er vist i nytt plankart. I same renne er vassdragskryssinga for løypekryssing i vareteke.



Korridorar for ny tilkomstveg

5.2 Varme og kalde senger

Tidlegare innregulerte hytter regulert som utleiehytter er no konvertert til reine fritidsanlegg utan utleigeklausul eller søkt konvertert til fritidsanlegg utan utleigeklausul ved bruksendring, ettersom pålagt utleigeperiode er oppfylt. Plankartet syner alle tomtene i området som reine fritidstomter (gule).

5.3 Nye utbyggingsområde/fortetting

Fortetting



I alt 24 nye tomter er innpassa.

5.4 Vatn og avlaup, sløkkjevatn, overvatn

VA-plan er utarbeidd av Aquapartner Telemark AS. Den syner og nye tilkoplingar skal byggje vidare på dagens infrastruktur. Vassforsyning til nye hytter kjem frå Tyrveli Vassverk og det føreligg eigen avtale med vassverkeigaren om det, sjå vedlegg. VA-planen utarbeidd for forslagsstillar Jostein Vågslid ligg ved plandokumenta som eige vedlegg.

VA-konsulent har sett på vassforsyningskapasitet og kvalitet når det gjeld Tyrveli Vassverk og eit førebels Notat stadfester arbeidet og definering av problemstillinga.

5.5 Natur og friluftsliv

Analysen av området med omsyn til naturverdiar har ikkje avdekt særlege verdiar ein bør sikre gjennom planarbeidet. Naturverdiane i området har hovudsakleg estetiske og rekreasjonsmessige funksjonar.

Naturnære område inntil dagens busetnad vil reduserast i omfang. Det vil likevel framleis vere robuste område att. Korridorar sikrar kommunikasjon mellom delområda/nivåa, samt sluser ut til omliggjande turvegar/skilåmer. Tilgjenge til rekreasjonsområde lenger unna aukar derimot gjennom nye løyper.

6 Planforslaget og vurdering av konsekvensane som planen medfører

6.1 Forholdet til krava i kap. II i Naturmangfoldloven

Etter Naturmangfoldlovens § 7 skal prinsippa i lovens §§8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndighet. Det er gjort fylgjande vurderingar:

6.1.1 KUNNSKAPSGRUNNLAGET (§8):

Desse basane er sjekka:

Miljødirektoratets naturbase, artsdatabankens artskart, NVE, nasjonal arealinformasjon og skog og landskap. Krava i Naturmangfoldlovens §8 sjåast med dette som oppfylt.

Store delar av planområdet er menneskeleg påverka. Vegar, skilåmer, fritidsbustader og andre relevante bygg dominerar området.

6.1.2 FØRE-VAR PRINSIPPET (§9):

Området for ynskja utbygging/fortetting er sett av til hyttebygging med tilhøyrande bygg og anlegg i KDP for Vågslid. Det er difor gjort ei vurdering på at området kan brukast til byggeområde for fritidsbusetnad og tiltak for friluftslivet.

6.1.3 ØKOSYSTEMTILNÆRMING OG SAMLA BELASTNING (§10):

I ei samla vurdering av belastningane på dei naturtypene som blir bygd ned har ein kome fram til at naturtypene ikkje er unike for staden og at ei utbygging ikkje vil føre til eit tap av biologisk mangfald.

6.1.4 KOSTNADENE VED MILJØFORRINGING SKAL BERSAST AV TILTAKSHAVAR (§11):

Det ligg ikkje føre forslag til tiltak mot miljøforringing som har nokon kostnad i seg.

6.1.5 MILJØFORSVARLEGE TEKNIKKAR OG DRIFSMETODE (§12):

Ei samla vurdering av området, mellom anna gjennom KDP, har vist at planområdet har ein støre verdi for samfunnet som fortetta utbyggingsområde.

6.1.6 VURDERING:

Feltarbeidet har avklart problemstillingar knytt til naturmangfaldet. Mange monumentale furetre er regulert til vern. Omfanget av bruk av myr til vegar og inngrep elles er på eit minimum. Eige CO2-rekneskap er utarbeidd og utseppet som konsekvens av framtidige tiltak er innafor eit forsvarleg nivå.

6.2 ROS-analyse

6.2.1 Samandrag

Plankontoret Hallvard Homme AS har utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalysa.

6.2.2 Metode og føresetnader

Analysen er gjennomført med egen sjekklister basert på rundskriv frå DSB. Analysen er basert på føreliggjande planforslag. I risikovurderingane er det tatt utgangspunkt i relevante kravdokument. Informasjon om kor data og informasjon er henta frå er oppført for kvar risikovurdering.

Moglege uynskte hendingar er sortert etter tema. Vidare er hendingane sortert i to hovudgrupper; dei som kan påverke planområdet funksjon, utforming med meir, og hendingar som direkte kan påverke omgjevnadane (høvesvis konsekvensar for og konsekvensar av planen).

Vurdering av **sannsyn** for uynskte hending er delt i:

- Svært sannsynleg (4) kan skje regelmessig; forholdet er kontinuerleg tilstades
- Sannsynleg (3) kan skje av og til; periodisk hending (årleg)
- Mindre sannsynleg (2) kan skje, ikkje usannsynleg; ca. kvart 10 år
- Lite sannsynleg (1) en teoretisk sjanse for hendinga; sjeldnare enn kvart 50 år

Kriteria for å vurdere **konsekvensar** av uynskte hendingar er delt i:

	Personskade	Miljøskade	Skade på eigedom, forsyning med meir
1. Ubetydeleg	Ingen skade	Ingen skade	Uvesentleg
2. Mindre alvorleg	Få/små skader	Ikkje varig skade	Skade dersom reservesystem ikkje finst
3. Alvorleg	Behandlingskrevjande skader	Behandlingskrevjande skade	System settast ut av drift over lengre tid; alvorleg skade på eigedom
4. Kritisk	Personskade som medfører død eller varig mein; mange skadd	Langvarig miljøskade	System settast varig ut av drift; uoppretteleg skade på eigedom

Berekna **risiko** som funksjon av sannsyn og konsekvensar er gitt i følgande tabell:

Konsekvens:	1. Ubetydeleg	2. Mindre alvorleg	3. Alvorleg	4. Kritisk
Sannsyn:				
4. Svært sannsynleg				
3. Sannsynleg				
2. Mindre sannsynleg				
1. Lite sannsynleg				

55

- Hendingar i raude felt: Tiltak naudsynt
- Hendingar i gule felt: Tiltak vurderast i høve til nytte
- Hendingar i grønne felt: Rimelege tiltak gjennomførast

Tiltak som reduserer sannsyn vurderast fyrst. Om dette ikkje gjer effekt eller er mogleg, vurderast tiltak som avgrensar konsekvensane.

6.2.3 Overordna risikovurdering

Tenkelege hendingar, risikovurdering og moglege tiltak er samanfatta i fylgjande tabell.

Hending/situasjon	Aktuelt	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/tiltak	Kjelde
Natur- og miljøtilhøve						
<i>Ras/skred/grunnforhold. Er området utsett for, eller kan planen/tiltaket medføre risiko for:</i>						
1. Skred frå fjell (steinsprang, stein- og fjellskred)	Nei				Aktsemdskart	NVE atlas
2. Jordskred	Nei				Aktsemdskart	NVE atlas
3. Flaumskred	Nei				Aktsemdskart	NVE atlas
4. Kvikkleireskred	Nei				Over marin grense	NVE atlas
5. Snøskred (laussnø-, flak- og sørpeskred)	Nei				Aktsemdskart	NVE atlas
6. Elveflaum	Nei				Ny busetnad meir enn 20 m frå vassdrag	NVE atlas
7. Radongass	Ja	4	4		Høg radonfare på Aktsemdskart. TEK17 krev radonsperre.	NGU kart radonfare
<i>Vær, vindeksponering. Er området utsett for:</i>						
8. Vind (lokalklimatisk)	Nei				Skjerma lokalisering, lite ekstremhendingar	eKlima
9. Nedbør (lokalklimatisk)	Nei				Historisk maksverdi ca. 70 mm	eKlima
10. Springflo	Nei					Ikkje kyst
11. Havnivåstigning	Nei					Ikkje kyst
<i>Natur- og kulturområder. Medfører planen/tiltaket fare for skade på:</i>						
12. Viktige naturtypar og sårbare artar	Nei					Naturbase, artskart
13. Verneområde	Nei					Naturbase
14. Vassdragsområde	Nei					Naturbase
15. Fornminne (tfk)	Nei				Ingen	Rapport VTFK
16. Kulturminne/-miljø	Nei				Ingen	Rapport VTFK

Detaljreguleringsplan Arbuvi, detaljregulering
Høyringsutkast

Menneskeskapte tilhøve						
<i>Strategiske områder og funksjoner. Kan planen/tiltaket få konsekvensar for:</i>						
17. Veg, kryss	Nei	2	3		Eksisterande avkøyring frå E134 toler den auke som fortettinga medfører	
18. Havn, kaianlegg	Nei					IKKJE relevant
19. Sjukehus/-heim, kyrkje	Nei					Ikkje i omr.
20. Brann/politi/sivilforsvar	Ja	1	3		Auka krav til beredskap	Vurdering
21. Kraftforsyning	Nei					
22. Vassforsyning	Nei					
23. Forsvarsområde	Nei					
24. Tilfluktsrom	Nei					
25. Område for idrett/leik	Nei				Auka pågang i skiløyper	Vurdering
26. Rekreasjonsområde	Nei					
<i>Forureinsningskjelder. Påverkast planområdet av:</i>						
27. Akutt forureining	Nei					
28. Permanent forureining	Nei					
29. Støv og støy; industri	Nei					
30. Støv og støy; trafikk	Nei					
31. Støy; andre kjelder	Nei					
32. Forureina grunn	Nei					
33. Forureining i sjø/vassdrag	Nei					
34. Høgspenlinje (stråling)	Nei					
35. Risikofylt industri mm - kjemikaliar/eksplosivar	Nei					
36. Avfallsbehandling	Nei					
37. Oljekatastrofeområde	Nei					
<i>Forureiningskjelder. Medfører planen/tiltaket:</i>						
38. Fare for akutt forureining	Nei					
39. Støy og støv frå trafikk	Nei	3	1		Støv på grusveggar ved barmark	Vurdering
40. Støy og støv frå andre kjelder	Nei					

Detaljreguleringsplan Arbuvi, detaljregulering
Høyringsutkast

41. Forureining til sjø/vassdrag	Nei					
42. Risikofylt industri mm - kjemikalier/eksplosivar	Nei					
<i>Transport. Er det risiko for:</i>						
43. Ulykke med farleg gods	Nei					
44. Vær/føre avgrensar tilgjengelegheit til området	Ja	3	1		Haukelifjell stengd, mange gjester frå Vestlandet	Vurdering
<i>Trafikktryggleik</i>						
45. Ulykke i av-/påkørsler	Ja	1	3		Ulykker ved krysset er ikkje kjent	Vurdering
46. Ulykke med gåande/skilauparar	Ja	1	3		Parkeringsplass, vegar	Vurdering
47. Andre ulykkespunkt	Nei					Vurdering
<i>Andre forhold</i>						
48. Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål	Nei					
49. Er det potensiell sabotasje-/terrormål i nærleiken?	Nei					
50. Naturlege terrengformasjonar som utgjør spesiell fare (stup etc)	Nei					
51. Gruver, opne sjakter, steintipper etc.	Nei					
<i>Spesielle forhold ved utbygging/qjennomføring</i>						
52. Trafikkulykke ved anleggsgjennomføring	Nei					
53. Ulykke ved sprenging	Nei					

6.2.4 Endeleg risikovurdering

Konsekvens:	1. Ubetydeleg	2. Mindre alvorleg	3. Alvorleg	4. Svært alvorleg
Sannsyn:				
4. Svært sannsynleg			7	
3. Sannsynleg	39, 44	17		
2. Mindre sannsynleg	45, 46	20		
1. Lite sannsynleg				

Hendingar som er vurdert å vere sannsynlege til svært sannsynlege og ha alvorlege til svært alvorlege konsekvensar krev tiltak. Følgelag er det 1 tilfelle som kommenterast nærare i det fylgjande.

6.2.4.1 Radongass (7)

Langvarig eksponering til radongass, særleg i kvilefasen, kan medføre kreft.

Høgt sannsyn for radon i kjellarar på grunn av berggrunn. Alle nye bygg må byggjast med radonsperre i høve til TEK 10, difor vil nybygg ikkje vere helseskadelege å opphalde seg i. Eksisterande bygg er særleg utsette, dersom dei har sokkeletasje. Ventilasjonsanlegg reduserer radonkonsentrasjonen innandørs. Bygg med ringmur og krypkjellar er lite utsett.

Kommunen kan vurdere krav om dokumentasjon av radonkonsentrasjon dersom det søkjast om byggjeløyve på utbygde tomter. På denne måten vil også eksisterande hytter kunne krevjast sikra mot radongass.

6.2.5 Kjelder

Kulturminne: <https://askeladden.ra.no/>

Artsdatabanken: <http://artsdatabanken.no/>

Risiko og sårbarheit: <http://www.dsb.no/>

Naturbase: <http://www.miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Database/Naturbase/>

Norges geologiske undersøkinge: <http://www.ngu.no/no/hm/Kart-og-data/>

NVE: <http://www.nve.no/>

NVE Atlas: <http://atlas.nve.no/SilverlightViewer/?Viewer=NVEAtlas>


Statens strålevern: <http://www.nrpa.no/>

Statens vegvesen, vegkart: <https://www.vegvesen.no/vegkart/>

eKlima:

http://sharki.oslo.dnmi.no/portal/page?_pageid=73,39035,73_39049&_dad=portal&_schema=PORTAL

6.3 Tilhøvet til overordna planar



Detaljplanforslaget



KDPVåglid

Konklusjon: Planleggjar meiner at planforslaget samsvarar godt med KDP på alle område.

6.4 Vassdrag

Hovudvassdraget gjennom framom planområdet, Kjela, vert lite påverka av detaljreguleringa og gjennomføring av planen. Flaumutsette område knytt til vasstrengene er ikkje utnytta til byggeområde. Utbyggingsteigen er fjellryggar med avgrensa nedslagsfelt, der avrenning går til hovudvassdraget uhindra i småbekkar. Byggeområda vil ikkje vera påverka særskilt av sterk nedbør.

Det er gjort forslag om kryssing av vassdraget med køyrebru og skibru for å sikre framtidig tilgjenge til vestaforliggjande utbyggingsområde i ny KDP. Forslaget fylgjer opp ny KDP.

6.5 Energi

Energiforsyning av området i dag er frå elkraft levert av VTK i jordkable anlegg. Trafoareal er sett av med sikringszone. Ein legg opp til at alt vert kabla. Trafoar har kapasitet til ladestraum, basert på eigne hytteuttak. Fellesanlegg for lading er ikkje vurdert.

6.6 Skred, overvatn

Innan området er det ingen skredutsette område. Planområdet utgjer eit lite lokalt nedbørfelt med god avrenning til Kjela. Eit myrdrag aust mot E134 er frå tidlegare drenert ut. Avrenninga til hovudvassdraget er sikra.

Flaumfare i Kjelavassdraget er omsyntatt, jfr. innregulert omsynssone.

6.7 Mineralførekomstar

Det er ikkje kjende førekomstar at drivverdige førekomstar.


6.8 Vass- og avlaupsanlegg

Eksisterande VA-anlegg for området har god kapasitet. Vassprøvene tekne frå det lokale vassverket syner god kvalitet, og kapasitet. For å sikre området endå betre vert lagt opp til tilkopling til nettet til Tyrveli vassverk. Det er framforhandla avtale om det, sjå eige vedlegg til plandokumenta. Kommunens leidnings- og kloakkanlegg skal sikre avlaupsbehovet.

Kloakkpumpstasjon vest i planområdet skal med tida sanerast og avlaupet skal førast til ny stasjon regulert ved Kjelavassdraget. På den måten vert eventuelle luktulemper vest i planområdet fjerna. Nye hyttetomter som vert råka av omsynssona for luktulemper kan ikkje byggjast på før stasjonen er sanert. Rekkjefylgjekrav om dette er tatt inn i føresegnene § 4.4 b).

6.9 Friluftsliv


Overordna løypesystem i KDP er ivaretatt i planforslaget. Korridorar internt i feltet sikrar god tilgjenge til å kople seg inn i løypesystemet. Kryssing over Kjela er ivaretatt ved at køyrebrua i avsett vegkorridor også skal inkludere areal for skiløype.



Dagens skiløype vert preparert langs køyreveggen ned til friuftsområdet ved Kjela. Dette ikkje noko god løysing ved heilårsveg, difor er tracéen flytta nærare Kjela og korresponderer greitt med løypa avsett i naboplanane i aust (Svarttjønnåsen/Nils Vågslid) og Storlineset/Torolf Vågslid i vest.

Turvegen GT langs vassdraget, heilt til møtes med nabo i vest, er i dag innregulert og er vidareført i ny plan. Turvegen kan vera 2,5 m brei, ha fast dekke og er godt eigna til sykkelveg på barmark. Vegen er sikra i føresegnene. Den skal vera køyrbar på barmark fram til kloakkpumpstasjon, jfr. plankart.

61



Utdrag av KDP


6.10 Klimaprofilen for Telemark

Klimaprofilen for Telemark, utarbeidd i 2016, har vore ein del av kunnskapsgrunnlaget for utarbeiding av denne planrevisjonen for Arbuvi. Den gir eit kortfatta omtale av klimaet, forventa endringar og utfordringar i Telemark. Sideblikk på dette dokumentet er ein del av grunnlaget for dei val som er gjort i dette revisjonsforslaget.



6.11 Kanalisering av trafikk i utmarka

Heieplanen skal sikre villreinenens leveområde. Løypeplanen som grunneigarlaget i Vågslid har utarbeidd for lenge sidan legg til rette for ein ferdsel som minimerer konflikta med reinen. Nedanfor er løypekartet som vart utarbeidd til rulleringa av KDP, vedtatt i 2018:



62

I samband med KDP Vågslid vart det utarbeidd Sti- og løypeplan for å tilretteleggje for aukande ferdsle frå hytteområda i Vågslid generelt og for dagsturistar spesielt. Planen er viktig med tanke på satsing for friluftslivet og kanalisering av ferdsle på sørsida av Kjelasdragnet i høve til villreinen.


I kommunens sti- og løypeplan, jfr. egen kommunedelplan vedtatt i 2018, samt løypeplanen for KDPVågslid, er det tilrettelagt for kanalisert ferdsel på både sider av Kjelasdragnet. På sørsida er omsynet til villreinen ivareteke ved at løypene er haldne innfor bygdeutviklingssona og er rekna til å dekke greitt det behovet som spring ut ifrå ny revidert KDP forVågslid.

6.12 Støy


Ingen støykjelder påverkar friluftsliv og hyttebusetnad. Nye hytter opp mot E134 er i all hovudsak utanfor 50m-beltet og utanfor støysona som er berekna for europavegen.

6.13 Landskap

Nye hytter, stiar skilåmer og vegar/infrastruktur vil påverka landskapet. Vegetasjonen er rik i området og uttynning vil ikkje endre landskapsbiletet mykje negativt. Under feltarbeid legg ein merke til at det er felt mykje tre, både bartre og lauvtre, utan grunneigars løyve. Dette er gjort for å skaffe utsyn i eit overgrodd bjørke- og furulandskap. Svært få nye inngrep vil vere synleg frå E134. Frå vassdraget vil ein kunne sjå nye bygningar, men ikkje i typisk silhuett. Spesielt utsette tomter er i føresegnene definerte med presise plasseringar av framtidige hytter i høgde i moh, som er bindande for prosjekteringa.



6.14 Monumentale furetre



Eksempel på ivaretaking av furetre. Dette er tatt inn i plankartet.

6.15 Barn og unge

Barn og unge brukar området aktivt i dag internt. Planen sikrar denne aktiviteten, nye tiltak vil ikkje redusere kvaliteten merkbar. Nye stiar langs vassdraget vil auke tilrettelegginga og medføre auka trivsel, sommar som vinter.

6.16 Folkehelse

Opphald i «Nye Arbuvi» vil opplevast som eit endå betre område å bruke fritida i. Særleg vil tiltaka knytt til vassdraget auke attraktiviteten til området i sumarhalvåret, om ikkje så mykje badeaktivitetar, men gjennom båtliv via utleigde kanoar og kajakkar.

6.17 Arkeologi, på land og i vassdraget

Ingen kjende fornminne, korkje på land eller i vassdraget. Kjelavassdraget er undersøkt i samband med kraftutbygginga. Ingen tiltak, bortsett frå ny veg/brukryssing av Kjela påverkar elvebotnen.

6.18 Generelt krav til avstand til Kjelavassdraget, 50-m-beltet

I oppstartsmøtet den 22. okt. 2020 tok forslagsstillar opp spørsmålet knytt til den generelle avstandsbestemmelsen til Kjelavassdraget, 50 m.

I planprosessen er det vurdert avvik frå denne regelen. Planadministrasjonen har vist til KDP og synfaring av planutvalet og råda forslagsstillar til ikkje å avvike kommunedelplanens avstandskrav. Planforslaget er rimeleg i tråd med avstandskravet.


6.19 Hyttebusetnaden, byggeskikk

Bygde hytter i området har høg kvalitet og representerer ein tidstypisk og god byggeskikk. Denne vil verte vidareført, innafor rammene i KDP og i føresegnene til denne planen.



6.20 Grøntstrukturen

a) Turvegen langs Kjela




Turvegen langs Kjela ligg innregulert i dagens plan. Den er berre delvis realisert. Turvegen er vidareført i ny plan og samordna mot naboområdet til 99/3 i vest, ein eksisterande plan som er til revisjon og skal innarbeide denne i nytt forslag.



Turveg GT som vidareførast i revisjon av naboplan, Storrineset, Torolf Vågslid (PlanID 20080002)

b) Ljosløpa Tyrveli-Botn, BST


Ljosløpa er vidareført frå dagens regulering og sikra med omsynssone, H530.



Viste illustrasjonar er frå plankartet. Eige Grønnstrukturkart fylgjer som vedlegg til planforslaget.

6.21 Båthamn, strandområde, bade plass og turmål GF med gapahuk

Planforslaget har vidareført dagens plan med tilrettelegging av areal ved Kjela til tiltak for friluftsliv knytt til vassdraget. Førsegnene omtalar kva aktivitetar som kan tilretteleggast her.



6.22 Omfang av grønstruktur


Av arealtabellen i pkt. 6.25 ser ein at av det totale planarealet på ca. 225 da utgjer byggjeområde og infrastruktur er ca. 100 da (44 %), medan Grønstruktur/LNF-R og vassdrag utgjer heile 132 da (56 %). Med andre ord kan ein seie at utbyggingsområdet har ein sterk grøn profil, også ETTER forettinga.

6.23 Tiltak på myrlendt mark

Av miljøomsyn vil ein ikkje grave opp myra ved vegbygging. Geonett er en metode som kan brukast i og under vegoverbygning for å forsterke denne. Denne kan brukast i dei ulike lag avhengig av kva problemstilling ein har. I dette tilfellet er problemet knytt til bygging av ny veg i område med svak bereevne (myr) vil bruk av geonett minimere inngrep og utgraving av myra. Dimensjonering av geonett gjerast ut frå skjerfastheit til myra. I område der myra/torva er tørr i toppen held det kanskje med eit armeringsnett på topp myr/torv, der myra/torva er blaut også i toppen må ein truleg ha armeringsnett som ein del av forsterkingslaget i tillegg.

Av omsyn til kostnader vil det sannsynlegvis vere rimelegare å masseutskifte myra ved grunnare djup enn 2 m, men i område med djupare myr eller ønske om mindre inngrep er grunnforsterking med geonett eit godt alternativ. Metoden baserer seg på at ein legg armeringsnett ut over myra som opptar og fordeler strekktøyingar, dette reduserer marktrykket og dermed sikrar tilstrekkeleg bearing.

Alt arbeid skal føregå frå fast grunn og utover myra. Under anleggsfasen skal det ikkje vere nokon form for tung transport på myrområdet, da dette vil kunne setje tydelege spor. Generelt tilrår ein å legge geonett min. 2 m inn på fast grunn i kvar ende.



67

6.24 Planens avgrensing mot tilstøytande planar

Planen er tydeleg avgrensa mot tilstøytande plan i aust, Svarttjønnåsen (Planid 20040010, 99/1) og i vest, Torolf Vågslid, Storlineset (Planid 20080002, under revisjon). Plangrensene er avstemt til kvarandre.

6.25 Arealoppgåve for KOSTRA-registrering, klimagassutslepp

6.24.1 Arealbruksfremål

Heile planområdet er å sjå på som berre delvis utbygt frå tidlegare og konvertert frå eit naturlandskap til eit byggjelandskap. Ny plan strukturerer arealføremåla betre og med det oppnår ein nye tomter og betre infrastruktur. Arealtebell:

Arealformål		
§12-5. Nr. 1 - Bebyggelse og anlegg	Areal (daa)	
1121 - Fritidsbebyggelse-fritiliggende (31)	63,3	
1420 - Skiløypetrasé (3)	3,1	
1540 - Vann- og avløpsanlegg (4)	0,3	
1560 - Øvrige kommunaltekniske anlegg (4)	0,7	
1587 - Småbåtanlegg i sjø og vassdrag	0,9	
1588 - Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhørende strandsone	1,3	
Sum areal denne kategori:	69,7	32,6 da
§12-5. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (daa)	
2010 - Veg (13)	22,5	
2080 - Parkering	0,4	
Sum areal denne kategori:	23,0	3,8 da
§12-5. Nr. 3 - Grønnstruktur	Areal (daa)	
3031 - Turveg	1,6	
3040 - Friområde	0,8	
Sum areal denne kategori:	2,5	1,7 da
§12-5. Nr. 5 - Landbruks-, natur- og friluftformål samt reindrift	Areal (daa)	
5130 - Friluftformål (23)	94,9	
Sum areal denne kategori:	94,9	88,5 da
§12-5. Nr. 6 - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone	Areal (daa)	
6710 - Friluftsområde i sjø og vassdrag (10)	35,4	
Sum areal denne kategori:	35,4	35,4 da
Totalt alle kategorier: 225,5		162 da

Grunnlag utrekning av klimagassutsl.

6.24.2 Vurdering av klimagassutslapp:

Omdisponering av areal i planen i høve til gjeldende plansituasjon medfører noko tap av naturmark. Temaet er vurdert under planarbeidet. Med utgangspunkt i verdiar lista opp i tabellen ovafor vil ein mha av Miljødirektoratet sin berekningsmetode få desse resultatata:

Detaljreguleringsplan Arbuvi, detaljregulering
Høyringsutkast

Inngangsdata for beregning

1. Velg kommune hvor arealet ligger:
Kommunenummer:

Vinje

Før arealbruksendringen:

2. Velg antall arealbrukskategorier som får arealbruksendring: 2
(opptil 4 overganger)

3. Velg arealbrukskategori før endringen:

AREAL 1
Skog

For skog må følgende fylles ut:

AREAL 2
Vann og myr

4. Fyll inn størrelse på arealet:

10 dekar
1,0 hektar

Treslag: Blandingsskog
Bonitet: Lav

152 dekar
15,2 hektar

5. Velg jordart for hele arealet:

Mineraljord

Etter arealbruksendringen:

6. Velg arealbrukskategori etter endringen:

Utbygd areal

Resultater: Samlet effekt på utslipp/opptak fra arealbruksendringen

Utslipp eller opptak fra arealene over 20 år, dersom man ikke hadde omgjort bruken:

Fra	Til	CO ₂	CH ₄	N ₂ O	Klimagasser i alt	
Skog	Skog	OBS!	OBS!	OBS!	OBS!	tonn CO ₂ -ekvivalenter
Vann og myr	Vann og myr	OBS!	OBS!	OBS!	OBS!	tonn CO ₂ -ekvivalenter

SUM 0,0 0,0 0,0 0,0 tonn CO₂-ekvivalenter

Negative tall betyr opptak av klimagasser, positive tall betyr utslipp.

Utslipp eller opptak fra arealene over 20 år fra arealbruksendringen:

Fra	Til	CO ₂	CH ₄	N ₂ O	Klimagasser i alt	
Skog	Utbygd areal	309,4	0,0	0,0	309,4	tonn CO ₂ -ekvivalenter
Vann og myr	Utbygd areal	969,8	0,0	0,0	969,8	tonn CO ₂ -ekvivalenter

Sum SUM 1279,1 0,0 0,0 1279,1 tonn CO₂-ekvivalenter

Negative tall betyr opptak av klimagasser, positive tall betyr utslipp.

Nettoeffekt av arealbruksendringen over 20 år:

	CO ₂	CH ₄	N ₂ O	Klimagasser i alt	
Utslipp/opptak fra arealene uten å endre arealbruk	0,0	0,0	0,0	0,0	tonn CO ₂ -ekvivalenter
Utslipp/opptak dersom endringen gjennomføres	1279,1	0,0	0,0	1279,1	tonn CO ₂ -ekvivalenter
Arealbruksendringens klimaeffekt	1279,1	0,0	0,0	1279,1	tonn CO ₂ -ekvivalenter

Valle/Vågsli den 27. januar 2022.

Revidert 14.11.2022 etter administrativ gjennomgang.

For Plankontoret Hallvard Homme AS



Hallvard Homme

7 Etter 1.g. handsaming i PLM

7.1. Innstillinga frå administrasjonen.

Til møtet den 25. januar 2023 hadde administrasjonen utarbeidd saksutgreiing med forslag til vedtak:

Framlegg til reguleringsplan for 20200010 Arbuvi, vert sendt ut på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i medhald av pbl § 12-10 med desse endringane:

- a. Pkt 2.2b om murhøgde endrast til: *Murhøgda skal ikkje overstige 2,0 m og bør ikkje overstige 1,5m*
- b. Pkt 5.1.2b om mønehøgde endrast til: *Maksimal mønehøgde skal ikkje overstige 6,5m målt frå gjennomsnittleg eksisterande terreng. (...)*
- c. Pkt 5.2.1c endrast til: *Føremålet skal vere felles veg*
- d. Framlegg til tomter som ligg i LNF-område og luktsoner må fjernast (13 stk).
- e. Pkt 4.4b i føresegnene utgår.
- f. Nytt rekkjefylgjekrav: Trase GT langs vatnet skal vere etablert når det er gjeve 5 byggeløyve, dersom køyreveg SV14 skal vinterbrøytast, må det etablerast ny trase for løypemaskin langs vatnet på dette strekket.
- g. Nytt rekkjefylgjekrav: Trase GT langs vatnet skal vere etablert når det er gjeve 5 byggeløyve. Dersom køyreveg SV14 skal vinterbrøytast, må det etablerast ny trase for løypemaskin langs vatnet på dette strekket. *Tiltaket kan reknast som sikra gjennomført dersom grunneigar/utbygger har inngått utbyggingsavtale med kommunen.*

7.2. Politisk handsaming

Under den politiske handsaming av forslaget vart resultatet dette:

Framlegg til reguleringsplan for 20200010 Arbuvi, vert sendt ut på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i medhald av pbl § 12-10 med desse endringane:

- a. Pkt 2.2b om murhøgde endrast til: *Murhøgda skal ikkje overstige 2,0 m og bør ikkje overstige 1,5m*
- b. Pkt 5.1.2b om mønehøgde endrast til: *Maksimal mønehøgde skal ikkje overstige 6,5m målt frå gjennomsnittleg eksisterande terreng. (...)*
- c. Pkt 5.2.1c endrast til: *Føremålet skal vere felles veg*
- d. Framlegg til tomter som ligg i LNF-område og luktsoner må fjernast (13 stk).
- e. Pkt 4.4b i føresegnene utgår.
- g. Nytt rekkjefylgjekrav: Trase GT langs vatnet skal vere etablert når det er gjeve 5 byggeløyve. Dersom køyreveg SV14 skal vinterbrøytast, må det etablerast ny trase for løypemaskin langs vatnet på dette strekket. *Tiltaket kan reknast som sikra gjennomført dersom grunneigar/utbygger har inngått utbyggingsavtale med kommunen.*
- h. Utandørs belysning skal avgrensast, og detaljreguleringsplanen set eit tal på tre ljospunkt pr. frittliggjande fritidsbustad. Belysninga skal vere monterd på vegg, og ha ein skjerm slik at berre bygget og det næraste terrenget lysast opp. Ljoskjelder som lyser utover og oppover, samt blendar, er ikkje tillate.

70

7.3 Oppretting av planforslaget for høyringsrunden

Plankart og føresegner er retta opp i høve til vedtaket. Følgjande endringar er gjort i plankartet:

- a) Private vegar innan planområdet er regulert som «felles veg».
- b) I alt 13 tomter er fjerna som følgje av at dei i eksisterande reguleringsplan av 2007 ligg i føremålsområde LNF/ «spesialområde friluftsliv» og i «luktsoneområde», jfr. KDP.

Føresegnene er endra på desse punkta:

- 1) Pkt. 2.2b) om murhøgde er justert.
- 2) Pkt. 5.1.1k) om ljosanlegg på hyttevegg er ivaretatt med eige avsnitt i generelle føresegner.
- 3) Pkt. 5.1.2b) om mønehøgde er justert.
- 4) Pkt. 5.2.1c) om vegstatus er endra.
- 5) Pkt. 4.4b) er endra.
- 6) Nytt rekkefølgekrav er for så vidt gjeld tidspunkt for gjennomføring av turstien TG er innteke.

Valle/Vågsli den 20. februar 2023

Hallvard Homme